



Line var guide for Stephanie og Michael

Svært bra besøk, både av båtfolk og andre turistar. Det kunne vertinne Jane Haaranes melde etter berre 2 timars opningstid i Martabu i dag og utsagnet vart bekrefta utan opphald: Inn kom Stephanie Frohnmayer og Michael Mulatsch som bur ved natureldoradoet Tegernsee 5 mil utanfor München og dei hadde uskedelingen Line Myklebust Titlestad som guide. Line bur i Stavanger men har ei fortid som au pair for Stephanie og viser med stoltheit fram det som er iferd med å verta ein ny møteplass i bygda vår



[Marit får mykje ros for brøda sine](#)

Det tyske paret tykte Martabu var triveleg og dei likte også blåbærpaien som Marit Langballe hadde kome med frå Skorpo på morgonkvisten saman med dei steinombakte brøda som det hadde gått 15 av på 2 timar. Dermed er eit nytt produkt frå den unike øya lansert!



Hugsar du den gongen....?

Jane har meir å by på for kvar opningsdag. I dag kunne ho og lokka med flatbrød baka etter Skjåk-oppskrift av Mari Haugland.

Og tilbudet av strikka og hekla produkt tek til å bli stort, til dømes frå Ann Kristin Olsen.

Ein mannleg produsent er også representert. Det er hobbysnekkar Einar Ljosnes som bur i Haugesund. Men framleis sagnast nokre av fjorårsprodusentane og Jane ynskjer ikkje minst eit innslag av smykker.

Utvalet av brosjyremateriell tek til å bli bra, og ein kan få lesa Dagbladet og VG når ein nyt føremiddagskaffen. Men ein kan ikkje få kjøpt avisene. Er det mogeleg å komme til ei ordning også her vil tilbudet snart vera fullkomment i Martabu som er minimuseum, kafe, krambod og sosial møteplass.

Ta ein tur i Martabu i morgon, då opnar ho allereie klokka 9!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen